



VINJE

Dato: 20.08.2025

Vår referanse: 2025/3079-1

Sakshandsamar: Kjell Negarden


Internt notat

Til: Kjell Negarden

Tilsyn anlegg - grøft i omsynssone landskap

Tilsyn på bakgrunn av tips – annen medarbeidar i Vinje kommune.



Grøft i myrområde mellom Holtar III og Skisenteret.



Det er gjort gravearbeider med grøft, der det ser ut til at hensikten er å legge ned PE rør i myr mellom Skisenteret og Holtardalen, i område som ikkje er regulert. Området har som status LNF og omsynsområde landskap på delar av traseen i kommunedelplan Rukkemo - Torvetjønn.



VINJE



Delar av traseen samsvarar ikkje med formålet, og er difor søknadspliktig, og treng i tillegg dispensasjon.

Vurdering frå rådgjevar plansak:

Delar av grøfta låg innanfor reguleringsplan for 152/1 Rauland skisenter på arealføremål anna spesial (Sp1) og såleis i tråd med føremålet:

4. Spesialområder

a) Områdene Sp1, Sp2 og Sp3 er regulert til spesialområder.

b) Området Sp1 er regulert til skibakkeområde. I området kan innpasses bygg og anlegg som har tilknytning til driften av skibakkeområdet.

Delar av grøfta gjekk ut over reguleringsplanen og inn i KDP Rukkemo-Torvetjønn, innanfor arealføremålet idrettsanlegg noverande (I):

3.6. Alpinanlegg

For alpinområde som er unnateke frå plankravet, skal det ligge føre godkjent opparbeidingsplan som viser detaljert arealbruk med plassering av tekniske installasjonar, bygningar, terrenginngrep og eventuelle stigar og langrennsløyper som kryssar området.

Heisar og nedfartar skal leggest mest mogleg skånsamt i terrenget. Det skal ikkje etablerast vegar innafor områda, heller ikkje anleggsvegar. Opparbeidingsplanen skal vise eventuelle turvegar som gjev køyretilkomst til heisanlegga. Det skal takast omsyn til stigar og langrennsløyper som går gjennom alpinområda.

Som del av dokumentasjonen skal det følgje/gå fram:

- Landskapsverknad (3D-modell, fotomontasje eller liknande)
- Profilteikning som viser eventuelle kryssingspunkt for langrennsløyper. Kryssingspunkt bør leggest i parti med låg helling.

Delar av grøfta gjekk ut over reguleringsplanen og inn i KDP Rukkemo-Torvetjønn, innanfor arealføremålet LNRF og omsynssone landskap (H550), tiltak i dette arealføremålet er i strid med overordna plan og må søkjast om:

3.9. Landbruks-, natur- og friluftsmål

Det er ikkje tillate å sette opp andre bygningar og anlegg i LNF-områda enn nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag og for friluftsføremål.

Omsyn til landskapsverknad, naturkvalitetar og om tiltaket fremmer ønsket kanalisering av ferdsel skal vektleggast i vurderinga.

4.6. Omsyn landskap (H550)

Innafor områda skal det takast særskilt omsyn til landskap.

Tilhøve til myr:

Myra i grøfta variera frå 0,5 m til over 2 m. Grøfta er i all hovudsak lagt i overkant av myra. Dette gjer til at myra sin økologisk funksjon vert oppretthalde. Dersom grøfta hadde vore lagt lenger ned i myrdraget ville dette ført til at myra sin økologiske funksjon vert øydelagt, noko som ville hatt ein meir uheldig påverknad på naturmangfaldet.

Det er også sett opp bygg, etter formålet som kan vera Ski-nedfart (vasspumpeanlegg for snokanon). Det ser ut til at bygget samsvarar med formålet, og treng berre registrerast.

Tiltakshavar Rauland Skisenter er kontakta pr telefon, søknad ettersendast.